

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 4/2013

Møtedato: 13.2.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.47

Søknad om jakthundtrening

Norsk Engelsk Setter Klubb(NESK) avd. Valdres, Øvre Hallingdal og Hemsedal søker om å få arrangere jakthundtrening den 23.-24. mars og 6.-7. april.

I følge hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Frå 1.april er det bandtvang for hundar og trening den 6.-7. april krev dispensasjon frå kommunen.

Vedtak

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

- 1.Prøvedato: 23.-24. mars og 6.-7. april 2013 .
- 2.Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
- 3.Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.
- 4.Return: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Return langs veg blir rekna på lik line med return i terrenget.
- 5.Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret først måndag etter prøva.
- 6.Pris: Kr 70 pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
- 7.Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Einstemming vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.2.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsksetterklubb v/Herdis Unneland